

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, behandling av årleg melding for 2011 m.v.



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Torsdag 7. juni 2012 kl. 14.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møte blei halde i Akersgata 59, Oslo. Styreleiar Oddvard Nilsen, administrerande direktør Herlof Nilssen, økonomi- og finansdirektør Per Karlsen, fagdirektør Baard-Christian Schem og statsautorisert revisor Nicolai Homme deltok ved videooverføring.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2011, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7
- Sak 4 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 5 Årleg melding 2011, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 6 Oppfølging av aktivitet knytt til pasientbehandling i 2012
- Sak 7 Oppfølging av erfaringar etter terrorhendingsane 22. juli 2011
- Sak 8 Endring av driftskredittramme for 2012
- Sak 9 Val av revisor

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Statssekretær Robin Martin Kåss (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Fagdirektør Baard-Christian Schem

Også til stades

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold	Avdelingsdirektør Astri Knapstad
Avdelingsdirektør Reidar Skillbrei	Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad
Avdelingsdirektør Mette Bakkeli	

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Mari Repstad.

Vald revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møte ved statsautorisert revisor Nicolai Homme.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Statssekretær Robin Martin Kåss ønske, som øvste eigarmyndigheit, velkommen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og Robin Martin Kåss blei valde til å skrive under protokollen. Statssekretæren overlet møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsordenen. Det var ingen som hadde merknader til dagsordenen.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2011, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga til styret for 2011 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Helse Vest RHF gjorde greie for årsrekneskap og årsmelding for 2011 og for styret sitt vidare arbeid på dette området. Statsautorisert revisor Nicolai Homme gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2011.

Føretaksmøtet viste til at rekneskapen som er lagt fram, viser eit rekneskapsmessig overskot og eit positivt avvik til resultatkrav stilt i føretaksmøte i 2011.

I føretaksmøtet 28. januar 2011 blei det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2011: "Føretaksgruppa i Helse Vest skal gå i økonomisk balanse i 2011." Samstundes blei det tatt følgjande atterhald: "Det økonomiske opplegget for 2011 i Prop. 1 S (2010-2011) la til grunn at dei samla pensjonskostnadene ville bli på om lag same nivå som vart lagt til grunn i Prop. 1 S (2009-2010). Berekning av rekneskapsmessig pensjonskostnad for 2011 er under utarbeiding og det samla kostnadsnivået for dei regionale helseføretaka ligg derfor ikkje føre. Føretaksmøtet presiserte at dei regionale helseføretaka i utgangspunktet må handtere pensjonskostnader på linje med andre kostnader innanfor dei økonomiske rammene, jf. føringar gitt i St. prp. nr. 1 (2008-2009) og Prop. 1 S (2010-2011). Dersom det viser seg at det blir større endringar i kostnadsnivået i forhold til det som ble lagt til grunn i Prop. 1 S (2010-2011), vil det bli teke stilling til om det er grunnlag for forslag om endringar i løyvingane til dei regionale helseføretaka."

Oppdaterte berekningar viste at pensjonskostnadane for dei regionale helseføretaka auka med 1 600 mill. kroner i 2011. I føretaksmøte 8. juni 2011 vart difor følgjande teke inn: "I Prop. 120 S (2010-2011) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2011 er

basisramma til dei regionale helseføretaka foreslått auka med 1 600 mill. kroner for å kompensere for auka pensjonskostnader. Anslaget for pensjonspremiar for inneverande år er ikkje endra. Med bakgrunn i dei nye anslaga for pensjonskostnader i nemnde proposisjon, skal driftskredittramma dermed bli redusert med ytterlegare 1 600 mill. kr, slik at samla nedjustering i 2011 blir 2 150 mill. kroner. Øvre ramme for driftskreditt ved utgangen av 2011 utgjer 8 632 mill. kroner. Som følgje av dei endringane som nå er foreslått i basisløyvinga, vert styringskravet for 2011 om økonomisk balanse halde ved lag.”

Årsrekneskapen for 2011 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit positivt resultat på 455,0 mill. kroner. I resultatet inngår nedskrivning av egedelar med 32,5 mill. kroner og netto tap ved sal av eigedom på 0,1 mill. kroner. Føretaksmøtet var særst godt nøgd med at resultatkravet også for 2011 er oppfylt og at resultatet er om lag like godt som forrige år. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest har klart å vidareføre god økonomistyring gjennom fleire år. Føretaksmøtet merka seg vidare at dei økonomiske resultatata så langt i år er positive, noko som bidrar til trygging for at resultatkrava også vert nådde for 2012.

Føretaksmøtet understreka at Helse Vest RHF framleis må arbeide med å løpande følgje opp risikobiletet for å sikre god økonomisk styring og kontroll.

Føretaksmøtet har merka seg at Helse Vest RHF har utarbeidd ei erklæring om leiarane sine tilsettingsvilkår i tråd med allmennaksjelova § 6-16 a og i tråd med nye bestemmingar i vedtektene som vart fastsett i føretaksmøta i januar 2012. Føretaksmøtet har merka seg at Helse Vest RHF har nokre element som ikkje er i tråd med retningslinene. Føretaksmøtet la til grunn at styret for Helse Vest RHF opphevar ordninga med styregodtgjering til styremedlemmer som er tilsette i leiinga.

Føretaksmøtet merka seg at rekneskapshandboka for regionale helseføretak nå ligg føre og legg til grunn at denne vert nytta frå og med rekneskapsåret 2012.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2011.

Sak 4 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2011. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 2 426 000 inkl. mva. utgjer honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 271 000 inkl. mva. Dette er ei auke frå 2010 på kr 26 000 for føretaksgruppa. Auka skuldast noko meir møteverksemd med internrevisjonen, kontrollkomiteen og styret.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner ei godtgjering på kr 2 426 000 inkl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2011, medrekna godtgjering på kr 271 000 inkl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 5 Årleg melding 2011, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 er det bestemt at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i lov om helseforetak om pålegg og føresegn som er gitt i føretaksmøtet eller sett som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte. Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2011.

Helse Vest RHF gjorde greie for årleg melding for 2011 og for styret sitt vidare arbeid på området.

Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF av 21. mars 2012 og supplerande informasjon av 10. mai 2012. Føretaksmøtet viste vidare til Dokument 3:2 (2011-2012) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2010* der Riksrevisjonen viser til at sjølv om rapporteringa frå dei regionale helseføretaka i årleg melding har blitt betre, så er det framleis manglar. Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseføretaka følgjer malen for årleg melding. Føretaksmøtet la vidare til grunn at dei regionale helseføretaka utvekslar erfaringar for systematiske forbetringstiltak. Føretaksmøtet viste til at Helse Vest RHF for 2011 har levert ei god årleg melding med detaljert tilbakemelding på styringskrava.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørgje-for-ansvaret. Føretaksmøtet merka seg styret sin konklusjon om at styringskrav gitt i oppdragsdokument og føretaksmøte for 2011 er teke hand om og at sørgje-for-ansvaret som Helse Vest RHF er pålagt gjennom lovverket, samla sett er oppfylt for 2011.

Føretaksmøtet merka seg at dei regionale helseføretaka kan vise til gode resultat på pasientbehandling og aktivitet i 2011. Tal frå OECD publisert i 2011 for kreftbehandling, viser at Noreg har svært gode resultat målt i 5-års overleving og er blant dei beste i verda. Rapportering frå dei regionale helseføretaka viser at det har vore ei positiv utvikling i tilbodet til pasientar med atrieflimmer. Tal frå Norsk pasientregister for 2011 viser at aktiviteten i sjukehusa held fram med å auke innan alle sektorar. Samtidig har gjennomsnittleg ventetid og delen fristbrot på landsbasis gått ned frå 2010 til 2011 innan alle sektorar.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest kan vise til betra resultat på indikatorar for kvalitet på pasientbehandlinga. Tal for 3. tertial 2011 viser ei positiv utvikling innan delen korridorpatientar og epikrisar sendt innan sju dagar etter utskriving. Tala er samanlikna med same periode i 2010. Delen som får trombolysebehandling er 15 pst. i 3. tertial 2011, og er det høgaste resultatet av alle regionane.

Føretaksmøtet viste til at utviklinga i dei nasjonale kvalitetsindikatorane var positive, men at resultatmåla framleis ikkje er nådde. I oppdragsdokumentet for 2012 er krava knytt til kvalitet og pasientsikkerheit forsterka. Føretaksmøtet forventa at styret etterspør resultat for kvalitet og pasientsikkerheit for helseregionen, og legg til rette for at kvalitets- og pasientsikkerheitsarbeid blir prioritert. Føretaksmøtet viste til at det er avdekkta svikt i det pasientadministrative arbeidet ved fleire helseføretak, og tilbake i tid. Føretaksmøtet viste til krav stilt i føretaksmøtet i januar 2012 og la til grunn at dette blir følgd opp.

Føretaksmøtet viste og til dei nye kvalitetsindikatorane innan kreftbehandling. Målet er at 80 prosent av pasientane som blir tilviste for kreftbehandling, skal vere i gang med behandling innan 20 virkedagar etter at tilvisinga er motteken. Føretaksmøtet merka seg at det er utfordringar knytt til denne indikatoren. Resultatet for Helse Vest for 2011 er 55 pst. for tjukkarmskreft, 48 pst. for lungekreft og 67 pst. for brystkreft. Føretaksmøtet understreka at det er behov for å prioritere dette området slik at måla blir nådd.

Føretaksmøtet merka seg at ventetida for Helse Vest har auka frå 2010 til 2011 innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling, mens den har gått ned innan somatikk og psykisk helsevern. Når ein legg til grunn alle sektorane er ventetida for Helse Vest på 75 dagar i 2011. Føretaksmøtet viser til krav i oppdragsdokumentet 2012 om redusert ventetid. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at målet blir nådd.

Føretaksmøtet merka seg at det per 3. tertial 2011 er observert ei positiv utvikling i delen fristbrot innan alle sektorar, samanlikna med same periode i 2010. Det vart vist til oppdragsdokumenta for 2011 og 2012 der det er sett krav om at fristbrot ikkje skal skje. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at målet om null fristbrot vert nådd.

Føretaksmøtet viste til oppdragsdokumentet for 2011 der dei regionale helseføretaka blir bedne om å implementere nytt styringssystem for nasjonale tenester. Ein gjennomgang viser at det manglar årsmelding for fleire tenester og at mange referansegrupper manglar. Det vil bli sendt eit eige brev frå departementet om dette. Føretaksmøtet la til grunn at oppretting av referansegrupper og rapportering skjer i tråd med stilte krav, og at Helse Vest RHF rapporterar særskilt om status til Helse- og omsorgsdepartementet innan 1. oktober 2012.

Føretaksmøtet viste til kravet om å redusere delen deltid med minst 20 prosent i løpet av 2011. Føretaksmøtet viste til at Helse Vest har gjort et betydeleg arbeid for å auke kunnskapsgrunnlaget for å arbeide vidare med å redusere delen deltid.

Føretaksmøtet merkte seg at føretaksgruppa i Helse Vest har gitt alle medarbeidarar høve til å oppdatere sine ønskjer om auka stillingsstorleik, og at gjennomsnittleg korrigert stillingsstorleik er auka gjennom omfattande innsats i alle helseføretaka.

Føretaksmøtet viste til at Helse Vest RHF i mange år har arbeidd systematisk med å utvikle eit kunnskapsgrunnlag for å redusere sjukefråværet og for å finne tiltak som kan gi varige resultat. Føretaksmøtet merka seg at sjukefråværet i 2011 i Helse Vest har variert frå om lag 5,25 til 7 prosent. Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om framleis å leggje vekt på tiltak for å redusere sjukefråværet, jf. IA-avtala 2010-2013.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tek årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 6 Oppfølging av aktivitet knytt til pasientbehandling i 2012

Føretaksmøtet viste til at ordninga med kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar ser ut til å virke etter intensjonen. Føretaksmøtet bad om at aktiviteten i sjukehusa blir styrt

og tilpassa til aktiviteten i kommunane og aktivitetsbestillinga i oppdragsdokumentet for 2012.

Føretaksmøtet peikte på at pasientar i slutfasen av livet, med forventa død innan kort tid, ikkje skal sjåast på som utskrivingsklare, sjølv om dei er medisinsk ferdigbehandla i spesialisthelsetenesta dersom pasienten eller pårørande og legen ut frå ei vurdering av forsvarlegheit, kjem fram til at det beste for pasienten er å vere på sjukehus.

Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF bidra til at det blir etablert øyeblikkelig hjelp døgntilbod i kommunane i tråd med intensjonen. Eventuelle ubrukte midlar for å etablere øyeblikkelig hjelp døgntilbod i kommunane i 2012 vil bli tilbakeført til dei regionale helseføretaka hausten 2012 etter same nøkkel som midlane vart trekte ut.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tek krav om oppfølging av aktivitet knytt til pasientbehandling i 2012 til etterretning.

Sak 7 Oppfølging av erfaringar etter terrorhendingane 22. juli 2011

Føretaksmøtet viste til krav i oppdragsdokumentet for 2012 vedrørende oppdatering og tilpassing av beredskapsplanar. Føretaksmøtet viste vidare til Helsedirektoratet sin rapport IS 1984 "Læring for bedre beredskap; Helseinnsatsen etter terrorhendelsene 22. juli 2011". Helsedirektoratet sin rapport inneheld ei rekke forslag til oppfølgingstiltak. Ei hovudutfordring som går fram av rapporten, er å sikre god psykososial oppfølging av overlevande og pårørande etter 22. juli og etter andre framtidige større hendingar. For øvreg gjeld tiltaka m.a. kommunikasjon, behov for nasjonale standardar og retningslinjer, samarbeid på myndighetsnivå og mellom naudetatane, beredskapsplanar og rutinar, kompetanse og øvingar. Helse- og omsorgsdepartementet vurderer nå ein tidsplan for korleis rapporten best kan følgjast opp, i samarbeid med involverte partar. Helse Vest RHF vil bli bede om å bidra i den forbindelse.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF bidrar i oppfølginga av Helsedirektoratet sin rapport "Læring for bedre beredskap".

Sak 8 Endring av driftskredittramme for 2012

Ramma for driftskreditt som er løyvd av Stortinget var 8 802 mill. kroner pr. januar 2012. Anslag for pensjonskostnader og -premiar i saldert budsjett 2012 tilsa at pensjonspremien var 1 730 mill. kroner høgare enn kostnaden. I føretaksmøta i januar 2012 vart det ikkje gjort endringar i helseføretaka sine rammer for driftskreditt.

I Prop. 111 S (2011-2012) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012* er basisløyvinga til dei regionale helseføretaka føreslått auka med 2 100 mill. kroner for å kompensere for auka pensjonskostnader i helseføretaka. Anslaget for pensjonspremiar for inneverande år er ikkje endra. Med bakgrunn i dei nye anslaga for pensjonskostnader i

ovennevnte proposisjon skal den samla driftskredittramma til dei regionale helseføretaka setjast ned med 370 mill. kroner. Øvre ramme for driftskreditt ved utgangen av 2012 vert sett til 8 432 mill. kroner.

Som følge av dei endringane som nå er føreslått i basisløyvinga, vert styringskravet for 2012 om økonomisk balanse halde ved lag.

Helse Vest RHF har pr. januar 2012 ei samla driftskredittramme på 1 998 mill. kroner, jf. føretaksmøte 31 januar 2012. Som følge av forslaget i Prop. 111 S (2011-2012) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012*, blir Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt redusert med 70 mill. kroner, slik at driftskredittramma ved utgangen av 2012 skal vere 1 928 mill. kroner. Driftskredittramma vil bli nedjustert månadleg fom. august 2012.

Føretaksmøtet vedtok:

Med atterhald om Stortinget si behandling av Prop. 111 S (2011-201) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012, blir Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt redusert med 70 mill. kroner frå 1 998 mill. kroner til 1 928 mill. kroner.

Sak 9 Val av revisor

Etter gjennomført prosedyre for innkjøp og i tråd med innstillinga frå styret, valde føretaksmøtet Ernst&Young AS til revisor for Helse Vest RHF og dei helseføretaka Helse Vest RHF eig frå og med rekneskapsåret 2012.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet vel Ernst&Young AS som revisor for Helse Vest RHF og dei helseføretaka Helse Vest RHF eig frå og med rekneskapsåret 2012.

Møtet vart heva kl. 15.00.

Oslo, 7. juni 2012



Robin Martin Kåss



Oddvard Nilsen